

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 52/2006

Møtedato: 1.11.06

Arkiv nr: S 640

## **S 640, Jaslangen - søknad om kårsel**

Ragnhild Sundheim søker om å få føre opp kårsel på stølen på Jaslangen. Kårselet er på 18,5 m<sup>2</sup>.

I sak 46/84 vart det godkjent oppføring av kokehus/vedskjul på stølen. Ved restaurering av dette huset fann søkjaren at det var så dårleg at det meste må skiftast ut. Det er derfor å rekne som eit nybygg og det må søkjast om byggeløyve. Huset står på same grunnmur og med same storleik som tidlegare. Det blir søkt om å få godkjent huset som kårsel.

Søkjaren har ikkje levert søknadsskjema med opplysning om korleis stølen blir brukt. Etter det ein er kjent med blir stølen brukt til beite av andre husdyrbrukarar enn Sundheim. Etter fjellova er derfor stølen å rekne som ikkje å vera i bruk.

Stølen er ikkje i bruk og søknaden skal behandlast etter § 14 i stølsforskrifta: *På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn.*

*Skal seterbrukaren ta opp at seterdrifta, kan seterhusa byggjast om eller utvidast etter reglane i § 13 i denne forskrifta.*

### **Vedtak:**

Ut frå drifta på stølen kan ikkje fjellstyret sjå at det er behov for eit kårsel. Fjellstyret kan derfor ikkje tilrå at søkjaren får godkjent dette. Dersom søknaden blir endra til oppføring av uthus som det tidlegare var registrert som, har ikkje fjellstyret merknader til at søkjaren får godkjent dette.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.11.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Ragnhild Sundheim  
Vestre Slidre kommune